



Voss kommune

Arkivsak-dok. 16/00405-1
Saksbehandler Gunnar Bergo

Saksgang
Utval for miljø og kultur

Møtedato
31.03.2016

FRAMLEGG TIL KLIMATILTAK 2016

Administrasjonen si innstilling:

Administrasjonen viser til sakutgreiinga og vil tilrå at midlane vert brukt i samsvar med budsjettforslaget.

Vedlegg:

Samandrag av saka:

Kommunestyret har avsett kr. 300 000 til klimamidlar i budsjettet for 2016. Det er her utarbeida eit framlegg til korleis ein kan bruka midlane.

Fakta om saka:

I samband med budsjettvedtaket for 2015 (sak 107/14) for 2015 gjorde Kommunestyret slikt vedtak ;

Klimatiltak

Kr. 300 000 vert sett av som ein rådveldepost til utval for miljø og kultur, og skal øyremerkast tiltak innan lokal klima, miljø- og sykkelpolitikk.

Denne budsjettposten er vidareført i budsjettet for 2016. I tillegg til kr. 300 000 som er avsett til klimamidlar for 2016 er det frå tidlegare år div. restmidlar på til saman kr. 115 000.

Klimatiltaka i 2015

Med utgangspunkt i budsjettvedtaket i 2015 laga administrasjonen ei sak til MKU med forslag om korleis ein kunne disponera midlane. MKU vedtok adm. sitt forslag i møte 30 april 2015.

I tråd vedtaket vart midlane brukt slik ;

Tiltak	Voss kommune	Andre	Merknad
Sykkelskur	103 000	50 000 25 000	Voss Energi Voss Parkering
Vårsjekk sykkel	40 000		Ca. 400 syklar
Utlån El- syklar	22 000	30 000	Fylkeskommunen
Sykle til jobben 2015	5 000	Velferdsbudsj.	Voss kommune
Miljøfyrtårn 2015	30 000	20 000	Fondsavs., klima
Tilskott fjerning av oljeovnar	54 000		17 ovnar
Tilskott fjerning av oljetankar	46 000		16 tankar
Div.			
	300 000	125 000	

Administrasjonen si vurdering:

Bruk av klimamidlane i 2016

Erfaringane frå 2015 var gode og bør leggjast til grunn for bruken av klimamidlane i 2016. Fleire av klimatiltaka vil også ha god effekt på luftkvaliteten i sentrumsområdet. Fleire målingar har vist at på kalde og stille vinterdagar kan greneseverdiar for akseptabel luftkvalitet bli brotne. Det er spesielt svevestøv som kan ha for høge verdiar i sentrum. Hovudkjeldene til svevestøv er bruk av piggdekk og utslepp frå gamle vedovnar.

Sykkelskur

I sykkelplanen er det lista opp fleire punkt og strekningar som bør utbetraast for å få betre tilhøve for dei syklande frå og til sentrumsområdet. Det aller meste av dette vil vera naturleg å ta tak i som ein del av vegutbygginga i dei ulike områda. Sykkelplanen peikar vidare på trangen for god sykkelparkering ved m.a. skular og offentlege bygg. I 2015 vart det plassert ut overbygde sykkelstativ ved Voss Idrettshall, Voss Tinghus og Gjernes skule (blir montert i 2016). Prisen på desse stativa, inklusive montering var ca. kr 60 000 (jf. bilde).



Det er trong for nye stativ på desse stadane;

- Voss Idrettshall
- Palmafossen
- Voss Ungdomskule
- Gjernes skule

Vårsjekk av sykkelen

I 2015 fekk ca. 400 syklar gratis vårsjekk som ein del av kommunen sine klimatiltak.

Kommunen kan også i år inngå ein avtale med ein sykkelverkstad om at innbyggjarane kan få ein gratis sykkelsjekk (justering av bremser, gir og

smøring) i løpet av ein periode på 3-4 veker på våren. For sjekk av ca. 200 syklar bør det avsettjast kr. 20 000.

EL- sykkel

Voss kommune kjøpte inn 2 EL- syklar i 2015. Desse vart i perioden juni – nov. lånt ut via ein sykkelforhandlar på Voss. Lånarane måtte betale eit depositum på kr. 1000,- for å kunne låne syklane gratis 1 veke. Tiltaket vart godt motteke og syklane var på utlån i heile perioden. Syklane er no overlevert til kom. avd. helse og omsorg som vil bruke syklane i si teneste.



Ein kunne vidareføra ordninga i 2016 ved å kjøpe inn 2 nye syklar. Kostnad ca. 50 000. Desse syklane kan deretter brukast som transportmiddel internt i kommunen etter ei nærmare vurdering av behov.

Trimaksjonen 2016

Voss kommune har i fleire år vore deltakar i den landsomfattande aksjonen "Sykle til jobben". Dei seinare åra har kommunen som eit alternativ sjølv organisert «Trimaksjonen» som har eit noko vidare perspektiv.

I 2016 kunne ein forsøke å utvida aksjonen - der ein og kunne utfordre næringslivet til å delta – Ein kunne friste med fine premiar til dei beste. Vidare kunne ein ha laga til frukostservering ved opninga av aksjonen.

Fjerning av olje- og vedovnar og oljetankar

Voss kommune har tidlegare (2007, 2009, 2012 og 2015) i samarbeid med Voss Energi gjeve økonomisk støtte utskifting av gamle olje- og vedovnar. Det har og vore gitt kommunale tilskott til fjerning av oljetankar og til innkjøp av varmepumper. Ordningane har så langt ein kan bedømma vore godt mottekte og vellukka. Administrasjonen meiner at det fortsatt kan vera eit aktuelt tiltak å vidareføra nokre av desse ordningane. Nyleg har det vore fokus på at gamle vedovnar har større og meir skadelege utslepp ein tidlegare har rekna med. Det vil derfor vera naturleg at det i 2016 vert gjeve tilskot til fjerning av vedovnar i tillegg til oljeovnar og tankar.

Miljøfyrtårn

Voss kommune har gjort vedtak om å vera ein Miljøfyrtårncommune. Det inneber at kommunen skal arbeida for å få sertifisert dei ulike einingane i kommunen samtidig som ein hjelper næringslivet med si sertifisering.

I 2015 vart Voss Tinghus resertifisert og det var arbeida med å få sertifisert Vangen skule og Voss barnehage. Det er eit siktemål å få sertifisert skulen og barnehagen i 2016. I tillegg arbeider fleire skular og barnehagar for tida med miljøsertifisering som "Grønt Flagg". I samband med den interne sertifiseringa vil det vera trøng for midlar til mindre investeringar, avgifter og til drift.

Budsjettforslag 2016

Tiltak	Voss kommune	Andre	Merknad
Sykkelparkering	165 000	25 000	3 stativ Søknad fylkeskommunen
Vårsjekk sykkel	20 000		Ca. 200 syklar
Innkjøp/ utlån El- syklar	25 000	25 000	Søknad fylkeskommunen
Trimaksjon 2016	10 000		
Miljøfyrtårn 2016	30 000		Div. utgifter
Tilskott fjerning av oljeovnar	50 000		Kr. 3000 pr. ovn
Tilskott fjerning av vedovnar	50 000		Kr. 3000 pr. ovn
Tilskott fjerning av oljetankar	50 000		Kr. 3000 pr. tank
Div.	15 000		
	415 000	50 000	